

Lindås kommune

► Oppsummering av idédugnad

Mogeleghetsstudie Lindås

Oppdragsnr.: 5195030 Dokumentnr.: - Versjon: 1 Dato: 2019-11-06



Skråfoto henta frå nordhordlandskart.no

1	2019-11-06	For gjennomsyn hos oppdragsgivar	aalor	truesk	truesk
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhold

1	Introduksjon	4
1.1	Innkalling	4
1.2	Agenda	5
1.3	Fokus	5
1.4	Gruppearbeid	5
1.5	Oppmøte	6
2	Om dokumentasjonsnotatet	7
3	Oppsummering av gruppearbeid	8
3.1	Gruppe 1	8
3.2	Gruppe 2	11
3.3	Gruppe 3	15
3.4	Gruppe 4	19
3.5	Gruppe 5	23
3.6	Gruppe 7	26
3.7	Gruppe 8	30
3.8	Gruppe 9	35
3.9	Gruppe 10	39
4	Andre innkomne innspel	43
4.1	Innspel frå LivOGLyst	43
4.2	Innspel på e-post til Lindås kommune	44
4.3	Innspel på e-post til Norconsult AS	45
5	Oppsummering	47
5.1	Oppsummering av gruppearbeidet	47
5.2	Avsluttande kommentar	48

1 Introduksjon

Lindås kommune har sett i gang arbeid med ein mogelegheitsstudie som skal danne kunnskapsgrunnlag for ein framtidig områdereguleringsplan for Lindåsbygda. Norconsult AS er kommunen sin konsulent. 17. oktober 2019 vart det gjennomført ein idédugnad i Lindåshallen, for at innbyggjarane skulle få kome med innspel til det pågåande arbeidet.

1.1 Innkalling

Idédugnaden vart annonsert i dei to lokalavisene og på Lindås kommune si nettside.



Vil du vere med på å
gjere **Lindåsbygda** betre?

Kva betyr Lindåsbygda for deg?
Korleis kan bygda bli endå betre i framtida?

Vi vil gjerne høyre di meining! Kom på idédugnad i Lindåshallen
17. oktober, klokka 17.00-20.00

Idédugnaden skal bidra til å belyse kva utvikling innbyggjarane
ønskjer for Lindåsbygda.

Treng vi fleire turstiar?
Kva med leikeplassar og møteplassar?

Slik melder du deg på:
Påmeldingsskjema finn du ved å scanne QR-koden under,
eller på www.lindas.kommune.no, under aktuelt/nyheiter,
eller på telefon til prosjektansvarleg på tlf: 920 39 354

Det blir enkel servering.

Påmelding innan **10 oktober**.



Figur 1: innkalling/annonsen utarbeida av Lindås kommune

1.2 Agenda

1700-1720 Bakgrunn og føremål med mogelegheitsstudien

1720-1945 Gruppearbeid

- 1720 - 1730 Introduksjon v/ Kjell Ove Hjelmeland
- 1730 - 1800 Gruppearbeid Del 1: Lindåsbygda i dag
- 1800 - 1815 Pause
- 1815 - 1915 Gruppearbeid Del 2: Lindåsbygda i framtida
- 1915 - 1930 Gruppearbeid Del 3: Prioriterte tiltak
- 1930 - 1945 Presentasjon
- 1945 - 2000 Avslutning og oppsummering

1.3 Fokus

I forkant av idédugnaden vart det definert eit fokus, det vil seie ei problemstilling som forklarar kva ein ønsker å oppnå med medverknaden. I denne idédugnaden har fokus spesielt blitt retta mot behov og mogelegheiter knytt til fysiske tiltak. Naudsynte prosessar, utfordringar og mogelegheiter knytt til *gjennomføring* av eventuelle tiltak ein framtidig områdereguleringsplan opnar for, er det ikkje fokusert på i denne omgang.

1.4 Gruppearbeid

Idédugnaden vart gjennomført som gruppearbeid. Dei frammøtte vart delt inn i 9 grupper, som fekk kvart sitt nummer. Tilfeldigvis fekk ingen av gruppene tildelt nr 6. Representantar frå kommunen, Norconsult og LivOGLyst fungerte som gruppeleiarar. Enkelte grupper valte å gjennomføre arbeidet utan gruppeleiar.

Følgande oppgåver vart løyst i alle gruppene:

Oppvarming: Presentasjon/bli kjend med kart

- Kor på kartet bur du, og kva driv du med (*kort: arbeider eller går på skule her eller der, eller er heimeverande*)?

1. Slik nyttar vi i bygda i dag

(*teikn område, vegar og sett nummer på alt og noter*)

- Kva område og stiar/vegar nyttar vi spesielt mykje
 - o Kor går du ein kveldstur hen?
 - o Kor går du sundagstur?
 - o Kva er den beste møteplassen/plass å «henge» med vener?

(*marker og sett nummer på alt og noter*)

- Kva synest du er spesielt bra eller dårleg (kvalitet)
 - o Kva er den finaste plassen i Lindåsbygda?
 - Kva er den dårlegaste/mest farlege plassen?

2. Lindåsbygda i framtida. Ver bygdeplanleggjar for ein kveld.

- kva område vil du ta vare på/verne om (av historiske grunnar, naturkvalitetar, strandline mm?)
- kva treng vi av nye ting:
 - o Gang-/sykkelvegar?
 - o Trafikktiltak?

- Fleire bustadfelt?
 - Fortetting?
 - Fleire verksemdar/arbeidsplassar?
- kva vil du endre?
- Om du (fritt) fekk endre/rive/flytte/bytte noko om i bygda for å få ei betre bygd, kva ville det vere?

3. Plukk ut dei tre beste tiltaka

Tiltaka gruppene kom fram til vart presentert i plenum, og plassert på ein kost-nytte-matrise.

1.5 Oppmøte

Om lag 90 personar deltok på idédugnaden. Dei fleste var førehandspåmelde.

Lindås kommune var representert ved tre representantar frå planavdelinga :

- Sondre Sognnes Haugen, oppdragsleiar
- Kaia Marie Amland
- Line Thuen Waage

Norconsult var representerte ved:

- Kjell Ove Hjelmeland, prosessleiar for idédugnaden
- Aashild Lauvsnes Øren, oppdragsleiar for mogelegheitsstudie
- Truls Eskeland, assisterande oppdragsleiar for mogelegheitsstudie
- Jon Hoel, assistent/praktikant

2 Om dokumentasjonsnotatet

Resultatet av gruppearbeidet vert presentert i kapittel 3. Kart og notat er referert mest mogeleg direkte. Enkelte stader er det gjort mindre endringar for å gjere stoffet meir lesbart. Kart 1 viser til oppgåve 1 («Lindåsbygda i dag») medan kart 2 viser til oppgåve 2 («Lindåsbygda i framtida»).

I tillegg til gruppearbeidet har det kome enkelte skriftlege innspel, både under og i etterkant av idédugnaden. Desse vert presentert i kapittel 4.

I kapittel 5 kjem ei samanfating av gruppearbeidet.

Del 1

Jobbstatus: ikkje oppgitt. *Gruppa har nytta berre eitt kart*

Område/ruter som vert nytta:

- 1) Padling
- 2) Lindås senter: krise. Trenger opprusting
- 3) Kolåstoppen: dugnad (fikser stiar)
- 4) Lindås brygge: må ikkje bli privatisert
- 5) Lindåstunet: fantastisk område
- 6) Haukåsskolten: flott utsikt – men tre må fjernast
- 7) Badeplass
- 8) Padleslipp på Lindås brygge
- 9) Tinghuset = bra
- 10) Gjengrodd leikeplass
- 11) Leikeplass
- 12) Spjeldnes turområde (utanfor kart)
- 13) Hotellet

Spesielt bra: turløyper, natur, dugnadsånd.

Spesielt dårleg: Lindås senter.

3 stader som kunne vore gode møtestader:

- 1: Lindås senter
- 2: Lindås brygge
- 3: Westland hotell

OBS! Utfordring med «å samle bygda» til felles mål. Stor utskifting av folk som bu her på grunn av Mongstad.

Del 2

- 14) Sykkelløype
- 15) Vegkro
- 16) Bygdekino på senteret
- 17) Samfunnshuset -> treng ekstrem oppussing
- 18) Trenger lys langs vegen
- 19) Behov for lys. Fortau
- 20) Behov for fortau og lys (Fonnebustveien)
- 21) Fiber i heile bygda
- 22) Utlånsordning av ballar i hallen

Ikkje-nummererte forslag:

- Lindås «ViIvite»: sjøaktivitet/samlingsstad. På Lindås brygge
- Zip-line på Kolåstoppen
- Friluftsområde med benkar, bålpanne, gapahuk
- Skatepark

Andre kommentarar:

- Eit mål: gjere Lindåsbygda til ein attraktiv stad å bu! Mange jobbar på Mongstad. -> korleis få fleire av dei til å bu på Lindås?
- Hovudmål Lindåsbygda 2030: Lindåsbyda er ei attraktiv bygd å bu i. Og folketalet aukar!
- Viktig å tenke på dei unge i etableringsfasen – korleis få dei unge heim igjen?

Prioriterte tiltak:

- 1) Transformere «sjukeheimen» til ein levande møteplass/kulturhus.
- 2) Lindås senter: oppgradering til aktivitet og møteplass. For alle! Ønsker å samarbeide med Alver kommune. Ønsker å komme i posisjon til å påverke utviklinga av senterområdet.
- 3) Trafikktrykkleik, lys, fortau.

Jobbstatus: ikkje oppgitt

Område/ruter som vert nytta:

Bra område:

- 1) Holmås / Haukås. Orienteringskart. Stiar frå 3 sider.
- 2) Kolåstoppen. Stor dugnadsinnsats for å legge til rette. Ypparleg tursti, skal bli rundløype.
- 3) Lothemarken / Munkeberget
- 4) Badeplassar Spjeldnes
- 5) Spjeldneset – ønsker sykkelløype rundt til Marås/Tueland.
- 6) Hestevellane.
- 7) Lystløypa (dugnad)

Mindre bra område: (markert med raudt)

- 1) Farleg kryss Kolåskrysset
- 2) Lindåskrysset – farleg overgang
- 8) Lindåstunet

Spesielt dårleg: Lindås senter er ei skam.

Finaste plassen: Lindåsosene, Lindåstunet, Kyrkjebakken. Må ta vare på Lindåstunet.

Del 2



Figur 4: Gruppe 2, del 2

- 1) Sjøsetting/parkering/slipp. Kano, kajakk. Tilkomst til sjø.
- 2) Ny veg frå Ådnevik til Kolåskrysset. Rundkøyring i Kolåskrysset.
- 3) Lyststien. Frisbeegolf.
- 4) Tuftepark.
- 5) Skatepark, ferdigstillast på allereie asfaltert plass.
- 6) Lindåstunet må bevarast
- 7) Rundløype inkludert klatrepark
- 8) Kolåstoppen. Hurtigladar for el-bil
- 9) Post
- 10) Badeplass
- 11) Bygge på prestegarden til forsamlingshus og kontorlokale. Flytte kykjelydshuset.

Kommentarar:


- Lindås senter bør rustast opp. Fleire butikkar. Apotek. Kafé.
- Trenger noko kult til ungdommane.
- Tuftepark – Gamle Kolås barnehage (kommunen eiger)
- Lyststien – senter, aldersheim treningsapparat
- Svømmebasseng på Mongstad

Prioriterte tiltak:

- Tuftepark
- Lindåstunet
- Lyststien

3.3 Gruppe 3

Del 1



Figur 5: Gruppe 3, del 1

Jobbstatus: barnehage, offshore, raffineriet x2, pensjonist x2, tannklinikk

Område/ruter som vert nytta:

(Mindre bra område markert med raudt i kartet)

- 1) Kolåstoppen gapahuk
- 2) Lysløyen skiløype (vert oppgitt 3 gangar)
- 3) Postvei (turveg) til Kolåstoppen
- 4) Tursti fleire kilometer innover
- 5) Gapahuk til barnehagen.
- 6) Badeplassar, inklusive Fanebustsjøen (opparbeidd ansvarleg. Bergen & Omland Friluftsråd) (utanfor kartet)
- 7) Båtplassar
- 8) Restaurant (stengt) Potensiell offentleg kai.
- 9) Lindåstunet (var tuberkuloseheim) Kan kjøpast [av kommunen] og settast i stand.
- 10) Fylkesveg: rekkefølgekrav for vidare utbygging på sørsida av vegen
- 11) Idrettsanlegg. Fritidsklubb i hallen. Aktivt handball og fotball.
- 12) Barnehage og skule. Samlingsplass. Ikkje tilrettelagt for ungdom.
- 13) Lindås senter. Dårlig samlingsplass. «Mykje løye». Kafé laurdagar. Dugnadsbasert.
- 14) Samfunnshus. Teatergruppe. Ungdomslaget. Ein sal som har vore kino.
- 15) Tinghuset. Speidargruppe.
- 16) Ungdomsskulen. Korps for skulen og vaksne. Lindås brass.
- 17) Hotell
- 18) Aldersheim
- 19) Kyrkje
- 20) Prestelia uteområde. Leik for skule/barn.
- 21) Planlagt barnehage
- 22) Skytebane
- 23) Farleg kryss
- 24) Manglar fortau og lys

Del 2



Figur 6: Gruppe 3, del 2


- 1) Lystløypa. Trondhjemske postvei. SVV har plan om å gjere den synleg som kulturminne.
- 2) Gamal gymsal. I dag barnehage. Kan brukast av Lindås Brass og Musikkskulen.
- 3) Kan ryddast og bli eit betre friluftsområde.
- 4) Motocross/ Garasje/ mekking.
- 5) Turløyper inkl. Parkering må utviklast
- 6) Potensiell park.
- 7) Kan bli park knytt til kyrkja
- 8) Bygge om. Har eit torg som ikkje vert brukt. Ny inngang til torget. Butikkane med inngang frå torget.
- 9) Tilgang til sjø for allmenn bruk
- 10) Badevik som kan opparbeidast
- 11) Badevik som kan opparbeidast
- 12) Utbetring av kryss. Fjerne farleg mur.
- 13) Ny veg til hotell.
- 14) Ny sykkelbane (med opp-og-ned-bakker).
- 15) Etablere friidrett

Prioriterte tiltak:

- Punkt 1 (Lystløypa), 4 (motocross) og 9 (tilgang til sjø)

3.4 Gruppe 4

Del 1



Figur 7: Gruppe 4, del 1

Jobbstatus: ikkje oppgitt

Område/ruter som vert nytta:

Positive stader er markert med + negative med – i kartet.

- 12) Idrettshall – mykje brukt av både barn, ungdom og vaksne
- 13) Senteret viktig men lite folk (dårligste plassen)
- 14) Her kjem ny barnehage
- 15) Barnehage
- 16) Kolås barnehage
- 17) Lindås brygge – viktig å ikkje privatisere meir
- 18) Viktig vik
- 19) Badeplass viktig
- 20) Parkering til tursti. For liten.
- 21) Tursti
- 22) Kyrkjepark
- 23) Haugatun samfunnshus
- 24) Tursti
- 25) Skytebane
- 26) Tursti mellom barneskulen og Haugatun og Haukås
- 27) Båthamn
- 28) Kulturløype postvegen. SVV har stort prosjekt.
- 29) Haukåsstraumen
- 30) Pleieheimen
- 31) Ungdomsskule
- 32) Barneskulen
- 33) Westland hotell
- 34) Kyrkja
- 35) Vilhaven barnehage
- 36) Bedehuset
- 37) Planlagde eldrebustader
- 38) Sjukeheimen – parken og gangvegen til parken rundt kyrkja
- 39) Krysset til Kolås-Mongstad
- 40) Bensinstasjonen
- 41) Kryss
- 42) Lysløype/skiløype (beste plassen)
- 43) Ner Kollås arbeid/aktivitetssenter

Beste plassen: Lysløype/skiløype

Dårlegaste plassen: Lindås senter

Del 2



Figur 8: Gruppe 4, del 2

- 1) Lindåstunet: treng rehabilitering. Utviklast til turistattraksjon, kunst, rekreasjon
- 2) Opparbeiding av friområde
- 3) Ønsker aktivitetsløype á la «Brekkeløypa»
- 4) Tilrettelegging for båttoppdrett med pp.
- 5) At det skal skje noko i torget inne på senteret. Á la Mastrevik Torg. Betre tilkomst. Dårleg pp. Meir næringsliv. Betre møteplass.
- 6) Ny barnehage er planlagt, men burde vore bustadfelt.
- 7) Denne tomte eig kommunen. Ønsker bustadar til eldre/omsorgsbustader.
- 8) Funksjonelle bustader
- 9) Ny veg Ádnevik-Kolåskrysset.
- 10) Ta vare på området som næringsområde. Ikkje privatisere strandsona.
- 11) Sjå nr. 1
- 12) Legge til rette for ungdommen. Breidde
- 13) (x2) utbetre kryssa.
- 14) Lindåssluser: betre tilkomst. Kan vere attraksjon.
- 15) Gang- og sykkelveg. Realisering av plan.
- 16) Solside av Mongstad. Reiselivssatsing.

Kva ein vil endre/rive/flytte/bytte:

5 og 12: Forsterke offentleg-privat. Sosiale møtestader.

10: ønsker feriesenter som tidlegare

13: endre kryssa

Prioriterte tiltak:

- 1) Lindås senter
- 2) Friområde – felles, kultur, rekreasjon: Nummer 2, 3 og 11 + 1.
- 3) Trafikk: rv 57, særleg, knytt til vegkryss, ny veg mellom Kolås og Odnevika


3.5 Gruppe 5

Del 1



Figur 9 Gruppe 5, del 1

Del 2



Figur 10: Gruppe 5, del 2

Jobbstatus: ikkje oppgitt.

Gruppa har nytta to kart, men det er ikkje skilt mellom oppgåvene. Oppsummeringa under viser difor til begge kart.

- 1) Bustader her, kafé, restaurant, pub, ikkje fritidsbustader
- 2) Bevare bygningsmassen og hageanlegg. Bruke som museum.
Gjere om til bustader (bevare skalet)
- 3) Seniorbustader (kommer i 2020?)
- 4) Turløype med kopling mot lystløype
- 5) Jordkjellar
- 6) Konfliktpunkt
- 7) Her manglar det gangfelt to stader
- 8) Overvann/drenering. A:Overvann i undergang (stående vatn, drenering). B:Skuleveg.
- 9) Overvann/drenering
- 10) Nye bustader
- 11) Gangveg?
- 12) Manglar lys
- 13) Nye bustader
- 14) Ny veg
- 15) Apotek med post
- 16) Manglande post i butikk
- 17) Tiltrekke seg gründerar
- 18) Snackbar, møteplassen «Prostataplussen»
- 19) Senteret: Alle butikkane skulle vore vendt inn mot torget. Det er dårleg akustikk. Kunstige palmar i hallen på senteret? Industrilaget burde hatt betre kontakt. Husleige auka på senteret. 5-års-kontrakt.
- 20) Rive vekk fortauet
- 21) Tilgang til sjø
- 22) Viktig å få nokon til å overta blomsterbutikken den dagen den skal leggjast ned
- 23) Haugatun treng meir midlar
- 24) Lindåsbrekka kallast av nokon Likhusbrekka (på folkemunne)

Andre kommentarar:


- Eiketunet var søsterhjem
- Bowlinghall
- Det trengst ein møteplass for unge som ikkje driv med idrett

Prioriterte tiltak:

1. Møteplass i senteret. Fleire funksjonar i eitt.
2. Bete kollektivtilbod
3. Trafikksikringstiltak, turstiar og snarveg.

3.6 Gruppe 7

Del 1



Figur 11: Gruppe 7, del 1

Jobbstatus: ikkje oppgitt

Område og ruter som vert nytta:

Turområde (grøn markering):


- 1) Haukåsskolten
- 2) Spjeldnesskogen
- 3) Kolåstoppen / Sundsbøvarden
- 4) Skogsveg Kolåskrysset – Søre Stølen Ådnevik
- 5) Del av gamle postvegen /Fanebust
- 6) Kyrkjeparken (møteplassen)
- 7) Lindås senter / Kyrkjelydssenteret
- 8) Lindåshallen/Lindås barneskule /Lindås ungdomsskule
- 9) Haugatun
- 10) Spjeldneset/badevik

Farlege område (rød markering):

- 1) Lindåskrysset («Krossvegen»)
- 2) Lindås Bensin – Vågseidet
 - dårleg asfalt/dekke
 - manglar lys
 - skilta som gang- og sykkelsti
- 3) Kolåskrysset
 - Uoversiktleg når ein skal ut frå krysset. Ser ikkje bilane bak autovernet (berre om du har høg bil)

Finaste plassen er Kyrkjeparken og området rundt Lindås kyrkje. Området Gamle Lindås/Nedre Lindås mot Lindåsosane må bevare sitt særpreg og forfinast. Tomta og bygningane Lindåstunet.

Del 2



Figur 12: Gruppe 7, del 2

Ønske:

- 1) «Peder Eide»-garden som friområde. Plassen mellom Kolåskrysset og gravplassen
- 2) Lindåstunet/Lindås sjukeheim - området som grøntareal og møteplass
- 3) Utvikla «Lystløypa», Fanebust (inkludert trimapparat). Lys, benker, bålpanne ++
- 4) Utvikle badeplassen i Saltneset
- 5) Bustadfeltet/leilegheiter på Nedre Lindås.
- 6) Gang- og sykkelveg Lindås-Fanebust
- 7) Ny veg Kolåskrysset-Ådnevika og ta vekk trafikken i Lindåsbrekka der det er både skule og barnehage.

Må ta vare på/utvikle:

- 8) Ta vare på området mellom. Vedlikehalde Pensjonatet og Lindåstunet, Eiketun.
- 9) Vedlikehalde Kyrkjeparken.
- 10) Den gamle postvegen fra Vågseidet til Fanebustsjøen.
- 11) Flytte parkeringsplass vekk frå kyrkja (til andre sida av vegen).
- 12) Behalde dei offentlege serviceinstitusjonane vi har
- 13) Lindås senter – utvikle det for brukarane
- 14) Bussforbindelsene til Bergen.
- 15) Vedlikehalde tinghuset og utedoen og området rundt (berre kratt i dag)
- 16) Behalde strandlinja Nedre Lindås
- 17) Negativt at det ikkje er barnehage i Kolås (2), men to barnehagar på den andre sida av vegen.

Prioriterte tiltak:

1. Lindås senter: behalde og utvikle
2. Lindåskrysset og Kolåskrysset
3. Utvikle bustadområde

3.7 Gruppe 8

Del 1



Figur 13: Gruppe 8, del 1

Jobbstatus: vernepleiar, lærar på barneskulen, sjukepleiar x2, prosjektleiar, mekanikar, kundeansvarleg

Område og ruter som vert nytta:

- A) Lindås barneskule: har ungar på skulen, arbeidsplass, korøving
- B) Kolås barnehage: har ungar der. Fint leikeområde i Nedre Kolås barnehage.
- C) Haugatun samfunnshus: Øving/framsyning Lindås ungdomslag og Leikaringen. Ulike arrangement.
- D) Lindås senter: Handelsstad, møteplass, treningsenter. Stad der ungdom «heng» dagtid/kveldstid/natt. Kommunale helsetenester. Lørdagskafé. Strikkekafé.
- E) Lindåshallen: Trening. Bibliotek. Ulike møter. Ulike arrangement for barn/vaksne. 17. mai. Fotball/handball. Løping.
- F) Spjeldneset gard: Sosiale arrangement/konsertar. Ulike arrangement.
- G) Lindås kyrkje: Gudstenester. Pokestop
- H) Kyrkjeparken/Lindåsparken: gå tur.
- I) Lysløypa/Utsikten: Turområde. Skiturar.
- J) Kolåstoppen/ tursti Kolås/ gapahuken: Turar. Grillplass.
- K) Sundsbøvarden: turløype
- L) Haukåsskolten: turløype
- M) Postvegen/Presteelva: tur
- N) Westland hotell: hotell, arrangement, middag
- O) Lindås brygge. Ønskeleg med ny oppstart
- P) Spjeldnesviken: tur, avslutning med skulen. Bading. Opplevingstur med barnehage/skule
- Q) Spjeldneset/Marås: Turveg
- R) Lindåstunet. Brukar uteområdet til tur med barnehage/skule/privat. Ønskeleg med rehabilitering av bygg og drift.
- S) Turløype rundt nedre Lindås: Turløype for barnehagen (Wilhaven).
- T) Turløype mot Holmås/Haukåsstølen: Turar med barnehage/skule og privat.
- U) Fotballbane Kolåsfeltet: Overgrodd fotballbane i Kolåsfeltet. Feiring av sankthans.
- V) Friluftsområde: Går tur.
- W) Leikeplass i felt: Leikar med barna. Barn leiker der.
- X) Veråsvegen: Brukast til gåing/jogging/sykling mot Lindåsslusene/Mongstad.
- Y) Fanebustvegen: Gå/jogge/sykle mot Fanebust. Skuleveg.
- Z) Lindåsosane/Fanebustvegen/Vågseidet: Fiske. Kajakkpadling. Båtturar.
- Æ) Nautevågen: Badeplass. For mykje tre. Båtturar.
- Ø) Lindås sjukeheim: Bustad for eldre. Omsorgsbustader. Wilhaven barnehage syng for bebruarane.
- Å) Lindås skyttarbane: Skyting 2 dagar i veka.
- A2) Lindås bensin & service: Bensinstasjon. Verkstad. Mat++


Finaste plassen:

- Naturområda – Holmås, Fanebust, Spjeldneset, Nedre Lindås
- Lindås kyrkje og området rundt

Dårlegaste/farlegaste plassen:

- Lindås senter

Del 2



Figur 14: Gruppe 8, del 2

Kva område vil du ta vare på/verne?

- 1) Lindås sjukeheim + området rundt
 - Verne
 - Kulturhus/kafé
 - museumsdel med kurslokale
 - utnytte/ pusse opp hagen og uteområdet
 - Prestebustaden + området
 - Verne
 - lage kulturhus/kafé. Lokale arrangement.
 - dyrke i hagen
 - kulturløype
- 2) Haugatun
 - MÅ pussast opp!!
 - bygda si storscene - bygge ut scene
 - ordne nye lokale for omkleddingsrom
 - betre sal/stolar
 - fornye kinoanlegg/lyd
 - få tilbake Bygdekinoen
- 3) Kulturløype
 - Prestegarden – Rosenlund – Tinghuset – Sjukeheimen

Kva treng vi av nye ting?

- 4) Aktivitetspark – motorpark
motocross, sykkelpark, skatepark, radiostyrte bilar, gokart, åpent både dag og kveld.
- 5) Skatepark: avvike grasbana – opprette skatepark/sykkelbane; krossbane for trøsykkel, venteområde utandørs med ulike klatrestativ++ for foreldre og barn
- 6) se 6.
- 7) Farleg parkering/leveringsstad for barnehage!! dårleg utforming, for lite plass, farlege situasjonar på grunn av at barnehage ikkje har drop off.
- 8) Farleg vegkryss utan overgangsfelt – ved kyrkja og senteret
- 9) Leikepark - med til dømes Frisbee-bane
- 10) Ny Kolås barnehage
- 11) Treng gatelys og gang/syssel-veg
 - Fanebust
 - Veråsvegen
 - Nedre Lindås
 - Vågseidet-Fjellanger-Haukås
- 12) Farleg vegkryss i Kolås: vil ha rundkøyring og/eller påkøyingsfelt ut på hovudvegen, ny veg frå nedre Lindås og ut på hovudveg for å avvike trafikken forbi barnehagar/skular i Veråsvegen
- 13) Nytt område for bustadar
- 14) Fotballbana i Kolås: ny opprusting av bana!
- 15) Svømmehall/isbane: byggje svømmehall, ishall/isbane i same bygg
- 16) Lindås senter: rivast/ totalrenoverast; omdisponering av lokala, parkeringsområdet må ordnast og opprustast. Ei utforming av senteret som skapar trivsel og sikre at butikkar vert sett og nytta. Ordne uteområda – nye fine hageflekkekar. Ny funksjonell leikeplass/barneområde, kafé.

Kva vil vi endre/rive/flytte/bygge?

- 1) Nye Lonane aktivitetsområde
 - A) Flytte barnehagen som skal byggast til området v/sjukeheime; bygge kulturhus/svømmehall som både eldre/sjukeheimen/psykisk helse og mange kan nytte; byggje eldrebustader/omsorgsbustader; dette er eit område ein kan «gå til alt» både kjøpesenter osv. og barnehagen og dei eldre kan nytte seg av kvarandre; bygge kulturhus m/ungdomsklubb
 - B) Bygge aktivitetscenter for motorsport, cross, gokart, sykkelbane
- 2) Lindås senter

Prioriterte tiltak:


- 1) Nye Lonane aktivitetsområde
 - o Samspel ung/gamal
 - o Gåavstand
- 2) Lindåstunet
 - o Bevare bygget
 - o Kunst og kultur
- 3) Trafikksikring
 - o Veiskilting og oppgradering
 - o Alle markerte vegar på kartet vårt
 - o Ny trasé rundt Kolåskrysset mot Ådnevika. Rundkøyning
 - o Sykkelveg, gangveg, veglys

Elles:

- treng eit oversiktskart over ulike turområde for turistar som kjem til bygda
- Vi ønsker og treng betre busstilbod på Lindås. Mogeleghet for å kunne nytte kollektivtransport til og frå Knarvik.
- Nye arbeidsplassar:
 - o ungdomsklubb -> koordinator
 - o Lindås brygge -> kokk, servitør
 - o fleire butikkar i senteret -> fleire arbeidsplassar
 - o gokartbane -> vakter

3.8 Gruppe 9

Del 1



Figur 15: Gruppe 9, del 1

Bustad: 3 på Kolåsfeltet, 2 på nedre Lindås, 1 på Fanebust, 1 på Haukås (utanfor).

Jobbstatus: 4 på barneskulen, 1 førtidspensjonist, 1 på Mongstad, 1 bensinstasjon

Område og ruter som vert nytta i kvardagen:

- 1) Kolåstoppen
- 2) Haukåstoppen
- 3) Postvegen
- 4) Veggen Spjeldnes
- 5) Spjeldnes - bade plass
- 6) Lindåsosane – båt/padling

«Hengeplassar» - det er det vi manglar:

- 7) Lindåshallen
- 8) Senteret . Fungerer altfor lite som møteplass. Hol i hol ute på parkeringa.
- 9) Treningsstudioet
- 10) Råne plassane
- 11) Taket på skulen/barna
- 12) Hotellet

- 13) Mangel på gangveg
- 14) Kyrkja og kyrkjeparken – flott utsikt
- 15) Gapahuken mot Kolåstoppen
- 16) Irriterande. Dei tok vekk busker og la pukk. No er det ugras

Farlegaste plassar (raud markering):

- Krysset ved kyrkja
- Kolåskrysset – inn/ut i rushtida
- Litt med parkeringa ved barneskulen, men har blitt betre

Andre markeringar i kart:

Svart linje = stiar (utbetring)

Svart stipla linje = Gamle Postvegen (utydeleg)

Del 2



Figur 16: Gruppe 9, del 2

- 1) Gang-/sykkelveg
- 2) Gang-/sykkelveg
- 3) Gang-/sykkelveg
- 4) Veg + gang-/sykkelveg for å avlaste Lindåsbrekka, nedre Lindås.
- 5) Skilt ved Gamle Prestavergen, for her køyrer lastebilar ned for å koma til Rognaldsen (kortaste vegen, men går ikkje for større bilar).
- 6) Turveg
- 7) Knytte Kolås saman med aldersheimen Lindås bu- og servicesenter
- 8) Vi treng eit område for eldre barn/ungdom kan drive uorganisert aktivitet. Skate, sykla på kular og terreng.
- 9) Dette området må ryddast og brukast til dømes til aktivitetane i punkt 8. Kva ser folk når dei køyrer forbi Lindås? Dei som køyrer forbi Lindås får ingen wow-faktor.
- 10) Sjukeheimen i dette området. Her er det ein del av oss som vil bu når vi vert gamle. Sjukeheimen kunne ha vore eit fellesområde med liv i. Leilegheiter med liv i.
- 11) Opna opp for tilgang til sjø. Må ikkje å ha bygning som lukkar, men ting som opnar opp. Vi vil ha strand/badeplass. Vi har Spjeldneset, men det er ikkje parkeringsmogelegheiter.
- 12) Potetkjellaren må bevarast.
- 13) Prestegarden. Her vil vi ha presten.
- 14) Rydda haugen. Laga gapahuk.
- 15) Snu opp ned på senteret: må bruka torget som inngang og fellesområde. Møteplass/kafé/bord. Speng vekk Hellandbygget. Her kan hovudinngangen koma. (markert med skravur)
- 16) Flott at dei planlegg nye ting/stiar rundt Kolåstoppen (planlagte). Flytta aldersboligane til sjø/solsida. *Vi vil ha aktivitetar – bowlingbane. Vi vil ha pensjonatet opp igjen.
- 17) Vi vil ha samarbeid om basseng. No betalar barneskulen 8848,- kvar veke på buss til basseng. I tillegg brukar ungdomsskulen dette. Vi vil at Rognaldsen skal bestå. Vi vil at hotellet skal satsa vidare.
- 18) Leikeplassar som gror igjen

Andre kommentarar:


- Kvar er sentrum på Lindås?

Prioriterte tiltak:

- Lindås Senter: Utvikle vidare. Snu om på inngangane. Fellesområde med kafé og nye butikkar.
- Opne opp strandområdet
- Lindåstunet: fellesområde for godt vaksne og eldre
- Legge til rette for uorganisert aktivitet i område mellom Kolåskrysset og gravplassen
- Gjere noko med krattområde i sentrum

3.9 Gruppe 10

Del 1



Figur 17: Gruppe 10, del 1

Om gruppa:

- Alle på gruppa bur sør for fylkesvegen
- Ein person i jobb, elles pensjonistar

Kvardagsreiser:

- Mot byen/Knarvik og mot butikken (Lindås senter).
- Må reise motsett veg av der ein skal for å komme til posten (Mongstadkrysset)
- Ein sykklar, ein går til butikken, dei andre opplyser at dei vanlegvis køyrer.
- Dei som sykklar/går meiner bakken (Veråsvegen mellom Spjeldneset og Kyrkja) er *ekke* (trafikkfarleg).

Mindre gode stader/stader som bør endrast:

- 1-5) Heile området er farleg. Ekle avkøyrslar. 1: gangsti ut i veg.
- 6) Bratt og smal veg, som mange bruker. Kalla Likhusbrekko.
- 7) Trafikkfarleg, mykje tungtrafikk.
- 8) krapp sving
- 9) krapp sving
- 10) Lindåstunet: dårleg vedlikehald
- 11) Dårlig vedlikehald utomhus
- 12) Prestegarden. Delvis dårleg stelt utomhus.
- 13) Kolåstoppløypa – tur
- 14) Spjeldneset - tur
- 15) Haukås - tur
- 16) Tur. Her er det mogeleg å gå. Greitt på stien, elles vått. Kjerreveg. *Ikkje alle på gruppa kjenner til denne.*
- 17) Kyrkjeparken, fin stad.
- 18) Farleg skuleveg på grunn av tungtrafikk til hotellet. Også forbi gravplassen, noko som er uheldig ved gravferd.
- 19) Manglar overgang til senteret
- 20) Manglar overgang til senteret

Fine stader:

- 21) Lindåstunet. Veldig fin stad, men trist å sjå forfallet
- 22) Badeplass – ungdom går eller sykklar hit
- 23) Veldig fin passasje
- 24) Nydeleg «Du skal ikkje sove bort sumarnatta» er skrive her.
- 25) Fin hall, med bra aktivitet. Men må vedlikehaldas betre.

Dårlegaste plassen: Senteret er grusomt. Men det er fint og naudsynt å ha det

Mellom oppgåvene kom følgande idéar opp i samtalen:

- Behov for seniorsenter, ungdomsklubb og post/apotek.
- Det har kome lys på bana på kvelden, dette er positivt.
- Mongstadkrysset. Kontor/verksemd her suger livet ut av senteret. Det er ikkje samarbeid mellom dei ulike stadene.

Del 2



Figur 18: Gruppe 10, del 2

Ta vare på:

- 2) Kyrkjeparken
- 3) Lindåstunet
- 4) Lindås brygge:
 - a. Bevarast i offentlig regi/eige
 - b. Ikkje bygge høge hus her

- 6-15) Det gamle bygningsmiljøet
 - 5) Tinghuset
 - 6) Lensmannsgarden
 - 7) Posten
 - 8) Gamalt hus
 - 9) Gamalt hus
 - 10) Spjeldneset gard
 - 15) Potetkjellar
- 18) Lindåsslusene
- 20) Elveløpet må takast vare på. Vatn og sjø er kvile for auga
- 22) Landbruket
- 27) Haugatun
- 28) Bedehuset
- 29) Ta vare på det gamle huset

Behov/mogelegheit for nye tiltak:

- 1) Sti frå sjukeheimen til ungdomsskulen
- 3) Lindåstunet: ny bruk. Kan til dømes nyttast som barnehage, eldresenter. Ikkje eigna for overnatting.
- 4) Lindås brygge: Ønske skikkeleg kai. Dette er viktig for vidare utvikling av Lindåstunet og hotellet
- 5) Ny veg. Eventuelt tunell frå strandpromenade
- 13) Fortette rundt nye rekkehus
- 14) Sykkelbane for ungdom
- 16) Opprette ein «Indre strandpromenade» når trafikken er fjerna (pkt 5)(Strandpromenade direkte mot sjø er vanskeleg på grunn av privat eige)
- 17) Berre behov for vedlikehald. Gjengrodd. Ser ikkje kor fint det eigentleg er
- 19) Turløype – eldrebustader/senter
- 21) Vedlikehalde/endre «himmelske freds plass» (torget på Lindåssenteret)
- 23) Barnehagen. Er viktig for leik i området. Bør behaldast
- 24) Lindås senter: Seniorsmøteplass/aktivitetssenter, post, apotek, minipol
- 25) Tilkomst til sjø. Mogeleg å setje ut båt
- 26) Sjøsportsenter
- 30) Rive paviljongen og bygge opp att
- 31) Skilting av postvegen


Prioriterte tiltak:

- 1) Lindåstunet
- 2) Strandpromenade (inklusive ny veg)
- 3) Utvikling av park + aktivitetssenter for eldre og ungdom mellom senteret og nye aldersbustader

4 Andre innkomne innspel

Under og i etterkant av idéugnaden har LivOGLyst og to einskildpersonar kome med skriftlege innspel. Desse følger under.

4.1 Innspel frå LivOGLyst



LYSTLØYPA PÅ LINDÅS.

Ide: Liv & Lyst Lindås

Planlegging og drift: Lindås Idrettslag v/ Turgruppa.

Det har ei tid vore arbeid med ei trim / aktivitetsløype på Lindås

i området mellom Lindås Senter /Fonnebostvegen / Lindås Aldersheim /Kolås. Området er eigd av Lindås Kommune gnr. 108 bnr.161og Opplysningsvesenets fond(statskog) gnr108 bnr.622. Me har vorte informert om at b.nr 622 er bygsla av Lindås Kommune.

Kulturavdelinga, eigedomsavdelinga og planavdelinga i Lindås Kommune er orientert om at me arbeider med ei aktivitetsløype på ca 1300 meter i området. Løypa er tenkt som ein 2 meter brei grusa turveg. Den må kunna brøytast om vinteren.

Frå Lindås Senter parallellt med Fonnebostvegen ligg restar av Den Trondhjemske postveg. Dette er eit kulturminne. Statens Vegvesen er kontakta og har vore med på synfaring. Det er enno uklårt om postvegen kan nyttast som ein del av aktivitetsløypa eller den kan vera ein attraksjon i løypa.

Lystløypa er særleg tenkt brukt/ tilrettelagt for barnehagar, uteskule, bebruar ved Lindås Bu og servicesenter og bygdefolk. Det må med tida opparbeidast leikeareal, akebakke, benkar, gapahuk, bål plass, m.m .

Turgruppa har over fleire år opparbeid turløype til Kolåstoppen og helt for tida på med ei rundløype på Kolåsfjellet. Kolåstoppen vart sist år besøkt av 17.000 trimmarar/turgåarar.

Helge Fjellanger--Turgruppa i Lindås Idrettslag. Tlf.95740080

4.2 Innspel på e-post til Lindås kommune

Lindås kommune har i etterkant av idédugnaden mottatt innspel på e-post, frå ein privatperson. Innhaldet er samanfatta under:

1. Lindås vestsida

- Kyrkjeparken vert haldt ved like av ei gruppe som kallar seg «Vangsgutane». Denne gruppa er opptekne av å halde vegetasjonen nede for å sikre at utsynet mot landskapet er det beste.
- Det er behov for pleie og sanering av vegetasjon i området Lindåshøgda-Lindåsosane for å sikre utsikt mot sjø og landskap.
- Lindås/ Alver kommune må initiere tiltak for å halde vegetasjonen nede/stelt. Gjerne i samarbeid med foreiningar på Lindås.

2. Riggplass for Statens Vegvesen i høve til bygging av sykkeltrasé Lindås-Mongstad
 - Eldhusaugen: her har det vore planlagt å etablere parkeringsplass for kyrkja, men dette er ikkje gjennomført.
 - I samband med bygging av sykkeltrasé Lindås-Mongstad vil det blir behov for riggplass. Eldhusaugen kan nyttast mot at denne vert opparbeida som parkeringsplass når arbeidet er fullført.
3. Namnet Fonnebost/Fanebust
 - Det er ingen på Lindås som heiter Fonnebost – alle heiter Fanebust.

4.3 Innspel på e-post til Norconsult AS

Norconsult AS fekk 01.11.2019 tilsendt eit innspel på e-post, frå ein privatperson. Innhaldet er samanfatta under:

- Lindås er ein fin plass å bu, med både barneskule, ungdomsskule, sjukeheim, kyrkje, idrettshall, butikksenter, kort tilkomst til sjø og fjell og fleire aktive lag i bygda. Men bygda har behov for både vedlikehald og utvikling.
- Trafikkfarlege vegstrekningar:
 - Kolåskryssen (Kolåsvegen/avkjørsel fra Fv57)
 - Lindåskrysset mellom prestegården og gressbanen
 - Lindåsbrekko (Veråsvegen nr. 42-91)
 - Skulevegen frå Lindåskrysset (Veråsvegen 42) til undergangen under Fv57 ved Kvalen 15. Her manglar det gang- og sykkelfelt. På denne strekninga køyrer både privattrafikk og bedriftsrafikk til og frå Westland hotell, ofte i stor fart trass i 30 km/t-sone
- Område med behov for vedlikehald:
 - Lindås gamle sjukeheim – flott historiefortellande bygg og hageanlegg på fin tomt. Ikkje haldt ved like dei siste 7 åra.
 - Lindås barneskule: grøntområde og ballbinge
 - Ungdomsskulen: grusbane og grøntområde
 - Uteområde framfor Lindåshallen. Aldri tilplanta.
 - Lindås brygge er under press for å bli privatisert. Dette vil redusere mogeleghetene for å utvikle sjørelaterte aktivitetar for bygda. Ein kan tenke seg aktivitet på Lindås brygge i relasjon til Lindåsslusene og framtidig aktivitet på Lindås gamle sjukeheim, Westland Hotell, Lindåshallen, Lindås senter og undervisningsopplegg på dei to skulane.
 - Lindås senter – verken bygg uteområde vert halde ved like. Forfallet har gått for langt.
 - Westland hotell: ikkje prioritert oppgradering eller vedlikehald av bygg, uteområde, gatebelysning eller veg.

Vi treng ikkje nye bygg, men dei vi har treng vedlikehald og utvikling.

 - Forslag til fokus på vedlikehald og utvikling av eksisterande bygg:
 - Avsette fleire midlar til vedlikehald av offentlege bygg
 - Pålegg til private eigarar av publikumsbygg om å rydde og vedlikehalde tomtene sine

- Få tilbake Posten i Lindås senter
 - Få inn fleire butikkar i Lindås senter, til dømes apotek
 - Kunst- og kulturløype. Vidareutvikling av skilta løype.
- Vegetasjon/beplantning
 - Freda/bevaringsverdige tre vert ikkje skjøtta og inngår difor etterkvart i diverse villnis
 - Fleire tre er felt av privatpersonar utan at dei har blitt registrert eller fått konsekvensar
 - Gamle tre vert ikkje tatt vare på sjølv om desse er viktige for biologisk mangfald og stadkarakter
 - Det bør fokuserast spesielt på:
 - Eika på ungdomsskulen
 - Eikene i Lindåsbrekko forbi Lindås gamle sjukeheim
 - Lind og blodbøk t i Lindåskrysset
 - Eik, ask og bøk i hagen til prestegarden
 - Gjengroing: hindrar utsikt langs Fv57 og Veråsvegen
 - Parkslirekne: arten har tatt over store område, til dømes kyrkjegarden og Fv57. Det er behov for ein felles privat/kommunal dugnad for å fjerne dette,
 - Det er lagr kunstgras i avkøyringane Kolåskrysset og frå FV57 til Haugatun. Dette er spreing av plast i naturen og bør ikkje fortsette nokon stad.

5 Oppsummering

5.1 Oppsummering av gruppearbeidet

Idédugnaden ga mange gode innspel som vil bli vurdert i det vidare arbeidet med mogelegheitsstudien. Under kjem ei kort samanfatning av tema vi ser går igjen hos fleire av gruppene, og som det difor vil vere naturleg å fokusere spesielt på.

Turområde/turstiar

- Den flotte naturen blir av mange trekt fram som ein svært viktig kvalitet ved Lindås. Turområde/turløyper som Haukåsskolten, Spjeldneset, Lindåsosane og Kolåstoppen vert mykje brukt.
- Mange set stor pris på tidlegare gjennomført og pågåande arbeid med merking/skilting og opparbeiding av stiar – som til dømes pågåande arbeid med Lyststien.
- Det er forslag til nye traséar som bør merkast og/eller opparbeidast (mellom anna Lyststien, Postvegen og kulturløype gjennom det historiske Lindås)

Lindås Senter

- Er blant dei klart dårlegast likte stadene blant deltakarane på idédugnaden. Det er generell misnøye med både utforming, vedlikehald, manglande funksjonar og tomme lokale.
- Det er brei semje om at senteret er svært viktig for Lindås, og at det er avgjerande at funksjonane som er der i dag vert vidareført.
- Fleire nemner at senteret ikkje utnyttar potensialet det har som møteplass. Spesielt vert torget trekt fram som ein stad som burde kunne vore utnytta betre.
- Dei fleste gruppene ønsker seg fleire funksjonar i senteret. Post, kafé og apotek vert trekt fram av fleire grupper.

Trafikktryggleik

- Fleire peikar på trafikktryggleik som ei stor utfordring. Spesielt gjeld dette Kolåskrysset, Lindåskrysset og langs Veråsvegen/Lindåsbrekka.
- Ny veg mellom Kolåskrysset og Ådenvika er sterkt ønska. Det vert peikt på at dette både vil gi betre tilhøve for bilistar (spesielt tuntrafikk), auka trafikktryggleik for gåande og syklende, samt redusere gjennomkøyring i det attraktive området nærast sjøen.

Det historiske Lindås

- Mange peikar på at det er svært viktig å ta vare på det historiske bygningsmiljøet. Spesielt vert det fokusert på Lindåstunet.

Lindåstunet/gamle Lindås sjukeheim

- Vert av mange trekt fram som ein av dei finaste stadene på Lindås. Mangel på vedlikehald av bygg og hageanlegg, samt at anlegget no står tomt, er ei problemstilling dei aller fleste reiser.
- Det er kome fleire idéar til kva Lindåstunet kan nyttast til. Dei fleste ønsker at det skal vere eit tilbod/ein møtestad for heile bygda, knytt til tenesteyting og/eller kunst- og kulturføremål.

Tilgang til og aktivitet ved sjø

- Nærleik til sjø vert nemnt som ein kvalitet av fleire av deltakarane
- Mange ønsker betre tilkomst til og fleire aktivitetar i strandsona. Badeplassar, vassportsenter, betre mogelegheit for å setje ut båt og strandpromenade er blant idéane som er spelt inn.
- Lindås brygge har stort potensial for fleire av funksjonane ein ønsker seg
- Ein må unngå vidare privatisering av strandsona
- Lindåsslusene kan bli ein større attraksjon

Nye aktivitetstilbod

- Fleire peikar på behov for auka aktivitetstilbod og fleire møtestader i bygda.
- Både eldre og ungdommar blir trekt fram som grupper som spesielt har behov for eit betre tilbod.
- Det må leggest betre til rette for uorganisert aktivitet (sykkelbane, skating, frisbeegolf, badeplass mm vert foreslått)
- Park/aktivitetsområde vert foreslått av fleire.
- Område mellom senteret og sjukeheimen og mellom Kolåskrysset og gravplassen blir trekt fram som eigna område.

Andre moment

- Det er større behov for vedlikehald og utvikling av eksisterande bygg og funksjonar enn å tilføre så mykje nytt
- Kyrkjeparken er svært populær
- Haugatun har ein viktig rolle og må haldast ved like og utviklast vidare

5.2 Avsluttande kommentar

Idédugnaden hadde svært godt oppmøte og vi opplevde at det var eit godt og aktivt diskusjonsklima rundt gruppeborda. Som ein kan sjå av kapittel 3, vart resultatet ei mengd gode innspel til korleis Lindåsbygda kan utvikle seg til ein endå betre plass for eksisterande og nye lindåsingar i framtida. Desse innspela vil bli vurdert i det vidare arbeidet med mogelegheitsstudien.

Vi vil rette ei stor takk til alle som brukte tida si og deltok aktivt i idédugnaden!